



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar: 2014/1180  
Vår: 15/1044 - 17/3048

**Saksbehandlar:**

Sølvi Legård  
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

06.04.2017

## 2014/1180 MELDING OM VEDTAK - HØYRING - REGIONAL AREAL OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET - AVGRENSA HØYRING

Saka er behandla i Kommunestyret 03.04.2017 - Sak 23/2017

### Det er gjort slikt vedtak:

#### Høyringsuttale;

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebanen og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstzone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

**Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstzone (vekstkorridor).**

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

**Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.**

Byvekstavtalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som byggjer opp under miljøvenleg transport.

**Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.**

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967



I tiltakslista er det oppført *Mogelegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**

Rett utskrift:

Sølvi Legård  
Politisk sekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakar:**

Hordaland fylkeskommune